



Dugnadsleiar Jan A. Berntsen og sonen Anders lastar inn ventilasjonskanalar under dugnaden laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innspurten på Aktivitetshuset er i gang og alt tyder på at jobben utan problem blir fullført innan den absolutt siste fristen, som er 1. juni. I motsatt fall vil spelemidlane, som er 3.516.000 kroner, bli trukke attende.

Eigentleg skulle storstova i dalen vore ferdig til 30. mai 2005 og kommunen søkte i fjor haust om utsetjing av fristen med eitt år – til 1. januar 2009. Men det kunne ikkje fylkeskommunen innvilga.

- Eg er svært tilfreds med dugnadsinnsatsen som er gjort i det siste, seier dugnadsleiar Jan A. Berntsen til uskedalen.no. No er det seks år sidan han for sin del hadde dei første arbeidstimane på dette prosjektet.
 - Ingen har så langt sagt nei til å ta sin del av dette løftet og dei siste to vekane har vi jobba både måndagar, tysdagar og torsdagar, då med ein gjeng på fire. Men over påske blir det behov for å auka gjengen til seks, for då står flising og måling for tur, fortel Berntsen.

Han er svært glad for at Rune Myklebust på Lio Sag har sagt seg viljug til å stå ansvarleg for snikkararbeidet – også det på dugnadsbasis.

Det betyr svært mykje, for Rune er godt inne i lover og reglar. Denne delen av prosjektet skal fullførast før påske.

Det som står att er å fullføra innreiing av to garderobar, to toalett, to dusjar, lærargarderobe og bøttekott.

- Og kva med trimrommet som ein gjeng har teke seg spesielt av?
 - Fullføringa av dette går inn i den same arbeidsoperasjonen – det blir med andre ord fellesdugnad på det som står att no.

- Kommunen har frigjeve 400.000 kroner som egentleg var lån til fullføringa av huset – vil den summen verta stor nok?

- Det har eg ikkje noko klår formeining om i dag, men eg håper og trur jo at summen held. Det er i stor grad dugnadsinnsatsen som styrar dette. Vi må naturleg nok leiga inn endel hjelp, mellom anna til jobben med våtromma.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Erik Olsson har teke mange tak for lokalsamfunnet Uskedalen og her er han i garderobeavdelinga på Aktivitetshuset laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)